



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Tone Bøyum / 55516792 18/275115-4 18/275115-4 18.02.2019


Uttale – Dispensasjon frå byggjegrense – Mur, boder og tilbygg – Fv 392 – Gnr 188 bnr. 196 – Gjervik ytre – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 22.01.2019.

Kva sak gjeld:

Søknaden gjeld søknad om løyve til oppføring av mur, bod og tilbygg på gnr. 188 bnr. 196 på Knarvik i Lindås kommune. Tiltaka er allereie utført.

Eigedomen er regulert gjennom *Knarvik felt B (1967)*, og er avsett til bustadområde. Eigedomen grenser også mot fv. 392 som endar på Knarvik ferjekai. Reguleringsplanen har ei byggjegrense 30 meter frå vegmidte, og alle tiltaka er oppført i strid med byggjegrensa.



Situasjonskart. Omsøkte eigedom, fv. 392 og Knarvik kai.

Saksgang:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN


Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Sidan området er regulert er det Lindås kommune som skal behandle søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot veg. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl §19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale:

Byggjegrense langs veg skal ivareta trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen og miljøet langs vegen. Forbodet mot bygging innanfor byggjegrensa gjeld i praksis dei fleste tiltak, så som byggverk, opplag, murar, utsprengde og utgravne rom med vidare.

Byggjegrense mot fv. 392 veg kjem fram av plankart og føresegner som følgjer planen. Byggjegrense er 30 meter frå vegmidte, noko som var vanleg for riksvegar den gong planen vart vedtatt. Sjølv om dette er ein eldre plan har ikkje vurdering av avstandskravet til byggjegrensa endra seg sidan den vart godkjent. Vi vil vise til at strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 3* jf. *Rammeplan for avkørsler og strekningsvis vurdering av halding til byggjegrense for riks- og fylkesveg i Region vest (2017–2020)*. Det vil mellom anna seie at langs denne strekninga kan ein vurdere ei byggjegrense på 30 meter frå vegmidte.



Situasjonskart vedlagt søknaden, dei ulike tiltaka er markert i kartet. Oppført mur viser på biletet til høgre, med fylkesvegen nedanfor til venstre.

Tiltakshavar har oppført ein to meter høg mur mot fylkesvegen, om lag 10 meter frå vegmidte. Muren er om lag 30 meter lang i lengderetning mot vegen. Muren er oppført på topp skjering. Det er 5 – 6 meter høgdeskilnad mellom muren og vegen jf. kommunen sitt oversendingsbrev. Vi forstår at planen er å fylle i massar og få eit betre utforming av tomta. Vi er i dette tilfellet svært kritisk til at det er bygd ein større konstruksjon / mur så nære fylkesvegen. Vi har ingen opplysningar om korleis muren er fundamentert og bygd opp, og vi meiner at muren kan utgjere ein potensiell risiko.

Muren er plassert nær eigedomsgrensa slik den er synt i kartet. Vi vurderer at muren ikkje tek omsyn til vanlege krav når det gjeld høgde på muren og avstand frå nabogrense. Vi vil og vise til at i ei vegskjering kan det vere behov for å sikre sideterrenget og det må vere tilstrekkeleg areal til grøfter som kan ta i mot nedfall frå skjering utan å hamne i vegbana.

Oppsummert:

Statens vegvesen er opptatt av forholdet til fylkesvegen og er særleg kritisk til omsøkte mur som er ein større, varig konstruksjon. Vi har ikkje opplysningar om byggemåte og korleis muren er fundamentert. Vi meiner at muren potensielt kan utgjere ein risiko. Vi rår Lindås kommune i frå å gje dispensasjon for dette tiltaket.

Vi minner om plan og bygningslova § 19-2, 4. ledd som seier at kommunen ikkje bør gje dispensasjon når berørt myndighet har uttalt seg negativ til dispensasjonssøknaden. Skulle kommunen likevel gje vedtak om dispensasjon, minner vi om at vi skal ha vedtaket tilsendt for klagevurdering.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.